# Bruktbilkontrakt mellom private

FORBRUKERRÅDET

# Viktig: Les om kontrakten

Kontrakten kan fyllast ut elektronisk eller skrivast ut og fyllast ut på papir. Forbrukarrådet tilrår at kontrakten blir fylt ut elektronisk av partane i fellesskap. Forbrukarrådet oppmodar begge partane til å lese gjennom heile avtalen før avtalen blir underskriven. Forbrukarrådet tek ikkje ansvar for eventuelle feil ved utfyllinga av kontrakten.

Kontrakten må skrivast ut i minst to eksemplar og underskrivast av begge partar. Vi tilrår også å underskrive kvar side med initialar.

Forbrukarrådet sine kontraktar blir oppdaterte løpande. Siste dato for oppdatering går fram av den einskilde kontrakten. Reglar og praksis på området kan endrast, og det kan vere periodar der innhaldet i kontraktane og tilhøyrande rettleiingar ikkje er oppdaterte. Forbrukarrådet fråskriv seg einkvar mogeleg ansvar for feil, utelatingar eller mangelfulle oppdateringar. Ta kontakt med Forbrukarrådet på telefonnummer 23 400 500 dersom du har spørsmål til kontrakten.

# 1. Parter

**Seljar**

Namn:

...........................................................................................................................................................

Adresse:

...........................................................................................................................................................

Postnr./stad:

...........................................................................................................................................................

Tel.:

...........................................................................................................................................................

E-post:

...........................................................................................................................................................

**Kjøpar**

Namn:

...........................................................................................................................................................

Adresse:

...........................................................................................................................................................

Postnr./stad:

...........................................................................................................................................................

Tel.:

...........................................................................................................................................................

E-post:

...........................................................................................................................................................

## 2. Køyretøyopplysingar

Merke og type Køyretøy:

............................................................................................................................

Årsmodell:

............................................................

Fyrste gong registrert:

............................................................

Registreringsnr.:

............................................................

Køyrelengd:

............................................................

Seljar harått bilen sidan:

............................................................

Nyklar, tal:

............................................................

Utstyr/tilbehøyr som inngår i kjøpesummen:

Er nyklar komne bort:

☐ Ja ☐ Nei

Er eller har bilen vært trimmet/chippet:

☐ Ja ☐ Nei

Følgjer servicehefte med bilen:

☐ Ja ☐ Nei

# 3. Hefte

Køyretøyet er fritt for hefte:

☐ Ja ☐ Nei

Viss nei, spesifiser hefte:

# 4. Tilleggsopplysingar

Årsavgifta er avvikla og erstatta av trafikkforsikringsavgifta. Frå og med 1. januar 2018 vil eigaren til bilen bli fakturert via bilforsikringa si.

Er bilen importert brukt:

☐ Ja ☐ Nei

Kjøpar har synfare og prøvekøyrt:

☐ Ja ☐ Nei

EU-godkjend:

☐ Ja ☐ Nei

Dato for siste EU-kontroll:

..................................................

4. Tilleggsopplysninger

Vedlagt kopi av kontrollsetel frå siste EU-kontroll:

☐ Ja ☐ Nei

Seljar er registrert som eigar av bilen:

☐ Ja ☐ Nei

Er bilen brukt som drosje, leige- eller leasingbil:

☐ Ja ☐ Nei

Tilstandsrapport er lagd fram:

☐ Ja ☐ Nei

Tidlegare skadar, omlakking, større reparasjonar:

☐ Ja ☐ Nei

Dersom ja, spesifiser skade og tidspunkt:

**Registerreim**

Har køyretyet registerreim:

☐ Ja ☐ Nei

Viss ja: registerreim er skifta ved kilometerstand:

.......................................................................................................

4. Tilleggsopplysninger

**Radio**

Er bilen utstyrd med antenne for mottak av DAB+:

☐ Ja ☐ Nei

**Service**

Siste service blei utført ved kilometerstand:

........................................................................................................................................

Er det feil eller problem med bilen:

☐ Ja ☐ Nei

Viss ja, spesifiser kva feil/problem:

## 5. Betaling og levering

Kjøpesum kr: ..........................................................................

Betalingsmåte: ..........................................................................

**Forsikring og overtaking**

Seljar seier opp forsikringa si på bilen frå overtaking, dato:

..........................................................................

Overtakingsdato: ..........................................................................

Stad for overlevering: ..........................................................................

## 6. Atterhald

Blir køyretyet selt «som det er»:

☐ Ja ☐ Nei

Når det er teke eit atterhald om at ein bil blir seld «som den er» tyder det at kjøpar overtek mykje av risikoen for at bilen kan ha skjulte manglar. Dersom kjøpar oppdagar manglar etter avtaleinngåinga, er det normalt ikkje eit kontraktsbrot med mindre seljar har gitt feil eller manglande opplysingar eller dersom bilen er i vesentleg dårlegare stand enn det kjøper hadde rimeleg grunn til å vente seg ut frå storleiken på kjøpesummen og andre tilhøve.

6. Atterhald

**Fråskriving av rettar**

Det fylgjer av kjøpslova § 19 at det kan vere ein mangel ved bilen sjølv om bilen er seld «som den er». I ein kjøpsavtale mellom to privatpersonar kan kjøpar fråskrive seg retten til å gjere manglar gjeldande etter kjøpsloven § 19.

Dersom kjøpar ønskjer å fråskrive seg alle rettar til å gjere eventuelle manglar ved bilen gjeldande overfor seljar, må partane skrive følgjande tekst i feltet under:

**«Kjøpar fråskriv seg retten til å gjere mangel gjeldande etter kjøpsloven § 19.»**

Skriv her:

## 7. Underskrifter

Stad: ........................ Dato: ........................

Seljar si underskrift: ........................

Kjøpar si underskrift: ........................

# Før du kjøper bruktbil

**For å sikre eit så godt bilkjøp som mogeleg, er det ein del forholdsreglar du bør ta før kjøpet. Vi har laga ei sjekkliste for eit tryggare bruktbilkjøp.**

**Skriv det ned**
Skriv ned alle kjende feil og manglar i kontrakten. Bruk gjerne eit eige ark og ta vare på annonsen for bilen om det er mogeleg.

**Kilometerstand, årsmodell og EU-kontroll**
Kilometerstand kan du få sannsynleggjord i serviceheftet, eller seljaren kan vise fram papir frå verkstad. Årsmodell og EU- kontroll sjekkar du hos Statens vegstell.

**Gjeld**
Dersom bilen er pantsett, kan du risikere å miste den. Det følgjer nemleg bilen, og ikkje eigaren. Du sjekkar det enkelt hos Brønnøysundregisteret, og ta vare på utskrifta. Det tek om lag tre dagar før eit hefte blir registrert. Det er viktig at du kan dokumentere at du har vore i god tru, dersom det skulle bli problem i ettertid.

**Riktig eigar**
Pass på at legitimasjonen til seljaren stemmer med namnet på eigaren i vognkortet. Dersom du betaler til ein som ikkje eig bilen, risikerer du å tape både pengane og bilen.

**Servicehefte**
Serviceheftet viser historikken til bilen, og kan gi god informasjon om arbeidet som er gjort på den.

**Tilstand**
Du må prøvekøyre bilen, og du bør få testa han hjå ein autorisert verkstad. Last ned tilstandsrapport som er utarbeidd av Forbrukarrådet og Norsk Bilbransjeforbund.

**Garanti**
Ein garanti skal gi deg betre rettar enn kva lova allereie gjer. Det kan vere slikt som lengre klagefrist, eller gratis reparasjon.

**Vel riktig lån**
Det er store forskjellar på vilkåra for billån. Sjekk kven som kan gi deg det beste tilbodet på finansportalen.no.